

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Sjernarøy.

Emne: Bryne.

Bygdelag: Nord-Hidle.

Oppskr. av: Johannes Hidle.

Gard: Hidle, gards nr. 12.

(adresse): Nord-Hidle.

G.nr. 12. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

1.

SVAR

Her i bygdi kallast brynet alltid kvatstein (ein). Hein (ein) er namn på ein finare stein, serleg brukt til barberknivar og finare bitjarn.

2.

För alltid naturstein til kvatstein, no brukast både naturstein og kunststein. Brynestein finn me ikkje i bygdi, den må förast frå andre stader, vel serleg frå Telemark, ettersom det segjest.

3.

Bitjarn vertno fyrst slipt på slipestein som ein sveiver rundt, etterpå kvesser dei med kvatstein. At dei berre ~~brykte~~ kvatstein på höveltenner kjenner dei ikkje til her, dei vart slipte, ja dei brukte jamvel slipestein på barberknivar sume, men frå gamalt var det dei som berre brukte hein på slike.

4. Far min, fødd 1834, fortalte um at dei brukte tynnsleljår som dei tunnte ut med hamar på smidested, um han hadde gjort det veit eg ikkje. Frå midten av 80-åri minnest eg slipestein her på garden, og det var ikkje den fyrste, her låg ein halvt utslitен og slong, kanhenda den var den fyrste her, men kor tidleg slipestein kom i bruk veit eg ikkje. I gamle skiftebrev har eg funne slipestein nemnd 1757 og 1765 og utetter. Um den var rund står der ingenting um. I 1803 er nemnd slipestein med jarnås og 1833 ~~XX~~ er uppskrive slipe-stutt-orvs-ljår. Truleg har sume ~~havt~~ slipestein tidlegare enn andre, den var visst dyr enno.

Korleis dei bar seg åt med å tunna ut ljår veit eg ikkje etter segn her, beste skildring har eg funne i Reinton: Folk og fortid i Hol II s. 213.

Etter gamle skiftebrev var ofte tynnslehamrar å finna, sers sted kan eg ikkje minnast der står um.

5. Liggjande slipesteinar er her ikkje segner um. Heller ikkje brukar dei ta slipesteinen med seg på teigane, her var ikkje so store vidder på desse öyane.

6. Dei brykte ljåen vanleg ei ykt, det vil segja millom to matmål. Berre når dei var ute for sers uheppa med steinhogg eller anna kunde dei gå heim og slipa midt i ykti. Det hende at gjekk dei på slått litt langt burte der det var arbeidt at dei tok to ljår med og bytte midt i ykti. I seinare år nyttar dei mindre ljå til slått, det er her helst maskin og so brukar ljåen i reinar og langs gardar.

7. Dei gamle hadde eit stykke hardt tre, helst av eik, som dei kalla stroka, (ei), som dei strauk ljåen med etter sliping og visst og etter kvetjing. Denne ~~XX~~ stroka skulde ta burt ro-en av egg, etter slippa heitte det, eller og kvessa etter kvetjingi. At dei brukte sand eller tjöra på har eg ikkje höyrt um. No er stroka avlagd..

8. Her tek dei ljåen or orvet når dei sliper. Um det kjem av festegreidene veit eg ikkje, det er gamal skikk her som dei fyl. Når dei sliper held dei egg i mot seg, utan når det er to som sliper samstundes, då held den eine egg i frå seg for å få steinen til å gå mot egg.

9. Stuttørven kvatte dei ved å halda orvet millom läri og stryka stinen litt på kvar sida utetter og flutta vinstre handi utetter til dei hadde kvatt heile ljåen.

Langorven sette dei med enden fast i jordi litt på skrå og kvatte sameleis som på stuttorven.

10. Koppen med brynet i kalla dei her skål (ein). Den var av tre med vatn i. Eg har set dei av ler og, utan vatn.

11. Nei ikkje her som eg har höyrt.

12. Skålpen hengde dei på högre sida, litt lenger framme enn midt bak oftast. Dei festa den med ein jarnkrok i bukselinungi eller og i skinnreimi dei hadde i stadenfor selar.

13. Ja, dei fuktar dei bæ, helst med vatn. I nyare tid kan det vera dei brukar olja, helst til finare bitjarn. Sand og tjöra vart ikkje brukte på trebryne.

14. Eg har höyrt brynegrut (ein) ellers ikkje sers namn på det. Slipegrus (eit) har eg höyrt som namn på det som ligg i troa under slipesteinen.

15. Ukjent her.

16. Likeso.

17. Nei.

18. Nei.

19. Sa dei noko når dei sputta på steinen var det: Tvi!

20. Nei.

På sume orv skulde dei i gamal tid havt noko dei kalla ljålag (eit). Det var ei slags klauv i enden, eller ei klypa dei kunde setja ljåen i og vrida han so han låg hövande nærrer marki.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

205

202